



Statens vegvesen

Referanser:

Dykkar: sak 16/59468-12

Vår: 16/8 - 16/31095

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

10.11.2016

## Høring - forslag om midlertidig auka bompengetakstar i Bergen

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

---

**Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914  
Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

Statens vegvesen

Arne Eikefet, Tove Mette Arnø Fyllingen

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
133/16	Formannskapet	PS	10.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arne Eikefet	16/8

## Høyring - Uttale til framlegg om mellombels auka bompengerakstar i Bergen

### Vedlegg :

Revidert høringsutkast vedrørende midlertidige økte bompengerakstar i Bergen

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet finn ikkje å kunne gje uttale til framlegg til Forskrift om mellombels auka bompengerakstar i Bergen, slik den ligg føre i Statens vegvesen sitt høyringsbrev av 06.10.2016.
2. Formannskapet ber om at vegstyremaktene utset høyringa og kjem tilbake med eit grundigare og meir omfattande grunnlagsmateriale enn det som ligg føre i denne høyringa . Materialet må gjere det mogeleg for uttalepartane å kunne vurdere dei praktiske konsekvensene ei evt slik innføring av slike forskrifter vil kunne få, samt kva tiltak som er best eigna for å betre luftkvaliteten i det sentrale Bergen.

### Formannskapet - 133/16

#### Framlegg

Formannskapet ber om at vegstyremaktene stoppar prosessen og kjem tilbake med eit konkret, grundigare og meir omfattande grunnlagsmateriale enn det som ligg føre i denne høyringa . Materialet må gjere det mogeleg for uttalepartane å kunne vurdere dei praktiske konsekvensene ei evt slik innføring av slike forskrifter vil kunne få, samt kva tiltak som er best eigna for å betre luftkvaliteten i det sentrale Bergen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Formannskapet ber om at vegstyremaktene stoppar prosessen og kjem tilbake med eit konkret, grundigare og meir omfattande grunnlagsmateriale enn det som ligg føre i denne høyringa . Materialet må gjere det mogeleg for uttalepartane å kunne vurdere dei praktiske konsekvensene ei evt slik innføring av slike forskrifter vil kunne få, samt kva tiltak som er best eigna for å betre luftkvaliteten i det sentrale Bergen.

## Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

## Bakgrunn

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har bede Samferdsledepartementet vedta ei lokal forskrift for å innføre ein sterk auke i bompengetakstane på dagar kor luftforureininga i delar av byområdet overstig tidlegare vedtekne grenseverdiar (Forskrift om begrensning av forurensing, vedteke i juni 2004). Takstauken inneber ei femdobling i høve noverande takstnivå i rushtida, og ei nærare tolvdobling i høve det regulære takstnivået. Meirinntektene frå takstauken skal m.a nyttast til å auka kollektivtilbodet og redusere takstane på dei same dagane. Samferdsledepartementet og Vegdirektoratet har utarbeidd eit framlegg til lokal forskrift som kjem dette i møte, og som no er på høyring. Lindås kommune er blant høyringspartane, saman med 8 andre omegnskommunar. I tillegg er seks departement, fire direktorat, fire fylkeskommunar, dei fem største byane og ei rekkje organisasjonar og instansar inviterte til å gje uttale. Frist for uttale er sett til 18. november 2016.

Den føreslegne auken i takstnivået innafor Bomringen i Bergen inneber at taksten (uten rabatt) for personbilar og mindre køyrety vil vere 225,- kr i rushtida, og 95,- utanom rushtida. Tunge køyrety må betale det dobbelte, medan trafikantar som normalt får rabatt eller er fritekne for å betale bompengar heller ikkje vert råka av denne ordninga. Tiltaket er rekna å redusere trafikkmengda med 40 – 45% dei aktuelle dagane.

For at forskrifta skal gjelde, må den formelt vedtakast i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Dei to instansane må likeins gjere konkrete vedtak om å ta forskrifta i bruk kvar gang grenseverdiene vert overskridne, eller når dei meiner det er fare for at dette vil vare i to dagar eller meir.

Ifølge Vegdirektoratet sitt høyringsbrev vil tiltaket ..... *«bare kunne tas i bruk for midlertidige og kortvarige perioder.»* .....

Arbeidsgruppa som har utarbeidd framlegget, har særleg vurdert evt. sosiale konsekvensar av tiltaket.

Ein har konkludert med ordninga i liten grad vil ramme skeivt sosialt, og legg difor i utgangspunktet ikkje opp til særskilde støtte- eller fritaksordningar. Slike vil heller ikkje verte innført for næringsdrivande som vert berørt av tiltaket.

Arbeidsgruppa har også rekna ein meirinntekt på 3-4 mill.kr i innkrevjingssystemet for kvar dag tiltaket vert iverksett. Dette skal som nemnt primært nyttast til å betra kollektivtilbodet i dei områda og for dei brukarane som tiltaket får konsekvensar for.

Materialet som den nemnde arbeidsgruppa har utarbeidd, er ikkje vedlagt høyringa.

## Vurdering

Enkelte dagar med særlege værtilhøve er lufta i store delar av Bergensdalen og Bergen sentrum alvorleg forureina. Dette gjeld særleg på kalde dagar med stillestående luft og lite eller inga nedbør. Den dårlege lufta vert opplevd som ubehageleg eller tildels farleg av mange. Plager i luftvegane og allergi er typiske reaksjonar, og for enkelte kan desse plagene vere alvorlege. Det er difor lett å ha forståing for at det krevs ekstraordinære tiltak og restriksjonar for å redusere luftforureininga i Bergen sentrum under slike værtilhøve.

Orsaksbiletet er komplisert, men vert ikkje drøfta i høyringsbrevet. I følge andre kjelder

skuldast det mellom anna bruken av eit stort tal gamle og umoderne vedomnar i eldre buområde nær opp til der ureininga er verst. Også utslepp frå skipstrafikken og frå bilar som nyttar fossilt drivstoff er ei viktig og velkjend kjelda til problema. Høyringsmaterialet fokuserar berre på biltrafikken sin andel av dette.

Det korte høyringsbrevet nemner at takstane vil verte femdobla i høve dagens takstnivå. Dette gjeld berre om ein samanliknar dei føreslegne takstane med kva som gjeld i rushtida i dag. I høve takstnivået utanom rushtida inneber den føreslegne auken nærare ei tolvdobling.

Høyringa korkje nemner eller drøfter dette i eit breiare perspektiv, og inneheld tilnærma inga form for problemdrøfting eller konsekvensvurdering.

Analysetal frå 2013 viser at det daglig vert utført nesten 200.000 bilreiser i sentrale deler av Bergen, dvs inkludert Laksevåg, Sandviken og Bergensdalen. 21.000 av desse er gjennomgangstrafikk som teoretisk kunne ha kjørt via Arna. I tillegg er det om lag 28.000 turar som berre skal til eller frå Sentrum/Åsane.

I høyringsbrevet er det omtala at auken i bompengar kan føre til ein mogeleg reduksjon i rushtrafikken frå nord til Bergen sentrum på 40-45%. Gjennomgangstrafikken kan berre i liten nytte omkjøring via Arna, då auke i trafikken gjennom Grimesvingane raskt vil føre til trafikkork. Trekk ein frå at ein del kjører fleire enn til og frå (meir enn to turer) kvar dag, så står ein likevel tilbake med mellom 5 og 10.000 personer som skal kunne bussast mellom Åsane og sentrum i ekstrabusser kvar dag det er dårleg luftkvalitet. Dette tilsvarer mellom 100 og 200 bussar til/frå nord. Svært mange av passasjerande må dessutan kjøre i privatbil til ein eller annan form for innfartsparkering mellom Knarvik og Eidsvåg. Tilsvarande tilhøve gjeld for dei andre innfartsretningane til sentrum.

Det er grunn til å spørje på om det finst nok busskapasitet i Bergensområdet i ein slik situasjon. Det same gjeld for innfartsparkeringa. Oppsetting av ekstra snøggåtar frå nord ville kunne avhjelpe situasjonen litt, men også dette er svært utfordrande å få i stand på korte fristar og med store kapasitetsutfordringar på tilbringarsida, inkludert lokal parkering.

Rådmannen vil for ordens skuld supplere med følgjande situasjonar/ utfordringar som høyringsmaterialet ikkje omtaler eller drøftar:

- Spreidd folkesetnad/ dårleg bussdekning utanfor sentrale strok vil medføre auka behov for parkeringsplassar i meir sentrale område som t.d. Knarvik. Pr. idag er det her ikkje særleg ledig kapasitet i offentleg regi/ utan ekstra kostnader for brukaren.
- Det vil truleg verte gjort avtaler om kompiskjøring / bildeling mellom dei som vert berørt av tiltaka, og dette vil kunne ha konsekvensar på ulike måtar.
- For mange vil det kanskje vere aktuelt å la vere å reise til sentrum/ innafor bompengeringen på slike dagar, eller at reisene vil skje til andre tidspunkt enn vanleg.
- Værsituasjonar som inneber luftforureining kan inntreffe i løpet av relativt kort tid og er ikkje alltid like enkelt å forutsjå. Dette vil vere krevjande for dei som skal kunngjere og iverksette tiltak i høve det. Det vil også kunne vere krevjande for mange bileigarar å planlegge på førehand.

Denne «lista» er neppe uttømmende eller heilt presis. For rådmannen er det likevel viktig å vise at det materialet ein har motteke i denne høyringa, ikkje gjev grunnlag for å vurdere konsekvensane av å innføre slike forskrifter på ein fagleg forsvarleg og god måte. Særlig verkar utfordringane innan busskapasitet og logistikk særskild utfordrande.

Dette vil føre til store og uoversiktlige komplikasjonar for mange av innbyggjarane i mellom anna Lindås dei dagane tiltaka vert iverksett.

Høyringsmatriellet virkar elles mangelfullt og gjev ikkje grunnlag for ein kvalifisert uttale. Rådmannen rår difor til at formannskapet ber om at grunnlagsmaterialet vert gjort vesentleg meir omfattande og kan ikkje tilrå at forskrifta vert vedteke og iverksett før konsekvensane er betre kartlagt.

Samstundes er det viktig å kunne ha høve til å iverksette tiltak når forureina luft skapar slike situasjonar. Men då må ein vurdere dei viktigaste orsakene til forureiningane meir grundig, og sjå på moglege tiltak i eit breiare perspektiv slik at dei samla tiltaka avhjelper den lokale situasjonen i Bergen på ein effektiv og god måte.

Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen

Høyringsinstansar med tilleggsliste

[Ikkje vedlagte dokument kan lastast ned frå :](#)

<http://www.vegvesen.no/fag/Publikasjoner/Offentlige-hoeringer/Hoering?key=1562544>